




Vinje kommune
Rådmannen

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep

0032 Oslo



Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
HKL	2008/1207	5868/2008		28.04.2008

Høringsuttale frå Vinje formannskap til Stjernø-utvalets innstilling

Vinje formannskap vedtok i møte 24. april 2008 fylgjande uttale til Stjernø-utvalets innstilling (NOU 2008:3):

"Sjølv om kommunane ikkje er formell høringsinstans til utgreiinga om høgare utdanning ynskjer Vinje kommune som vertskommune for ein studiestad å gje ei uttale.

Stjernø-utvalet legg opp til ei sentralisering av den høgare utdanninga i Noreg. Ein av dei studiestadene som utvalet rår til blir lagt ned er Høgskulen i Telemarks avdeling for folkekultur i Rauland.

Utgreiinga seier dette om Rauland:

"Rauland er et svært lite studiested med få studenter, som ligger geografisk adskilt fra resten av avdelingen og høyskolen. Ifølge Høyskolens hjemmeside har instituttet 15 fast tilsatte. Etablering av studietilbud i Rauland har skjedd som et resultat av fleire vedtak i Stortinget og ikke som ledd i en villet utvikling frå Høgskolen i Telemarks side. Kostnadene er høye, spesielt gjelder dette leie av arealer til virksomheten. Tilbudene i Rauland er unike i nasjonal sammenheng, men det bør vurderes om det kan oppnås både faglige og andre synergieffekter ved flytting av tilbudet til avdelingen i Bø, som har et sterkt fagmiljø innenfor kulturstudier."

Folkekulturstudia i Rauland har sidan midt på 1980-talet stått i ei særstilling innanfor det nasjonale utdanningssystemet. Det har vore eit engasjement for desse studia som sprenger snevre faggrensar. Som resultat av dette engasjementet er det med stor idealisme og små ressursar bygd opp ulike studietilbod innan norsk folkekultur på høgskulenivå. Desse tilboda er det stor interesse for både nasjonalt og internasjonalt og søknaden til studia har vore god. I

2007 blei det bygd nye studentbustader i nærleiken av høgskulen og studentane gjev uttrykk for at dei trivs særst godt i lokalmiljøet.

Avdelinga i Rauland har nå to professorat og det har ikkje vore vanskeleg å rekruttere til desse og andre stillingar. Studentane kan ta mastergrad i folkekunst/tradisjonskunst og studia er prega av ei utøvande side. Dette skil Rauland frå andre studiestader som er meir teoretisk prega. Rauland er ei bygd med sterke tradisjonar innan folkekunst og folkemusikk, ei bygd med ein av landets største konsentrasjonar av mellomalderbygg noko som er ei sterk grunngeving for kvifor studietilbodet ligg her. Høgskulens internasjonale nettverk er av dei beste i landet og høgskulen bidreg til regional og lokal utvikling.

Stjernø-utvalet gjer uttrykk for at folkekulturstudiet nærast er noko Høgskulen i Telemark har fått kasta til seg av Stortinget. Dette er ei sterk forenkling av historia. Tvert om understrekar styret i Høgskulen i Telemark i si uttale til Stjernø-utvalet at studiestad Rauland har sterke kvalitetar og bør bestå.

Vinje formannskap synes framlegget frå Stjernø-utvalet er dårleg grunngeve og ikkje tek omsyn til det eineståande studietilbodet som over mange år er bygd opp i Rauland og som det ikkje finns parallellar til i Norden og enda vidare. Vinje formannskap vil derfor oppmoda Kunnskapsdepartementet om ikkje å ta omsyn til framlegget frå Stjernø-utvalet, men tvert om syte for at folkekulturstudia i Rauland får gode kår i åra framover."

Med helsing



Hans Kristian Lehmann
rådmann